



Til aksjonærane i SFE

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)  
15/10728

Dato  
18.09.2015

## **Gloppen kommune/Gloppen Energi AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS**

Gloppen kommune/Gloppen Energi AS eig 3,36% av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE).

Gloppen kommune er eigar av 3 kraftstasjonar i kommunen (Gloppenstasjonane). I perioden 01.01.1995 – 31.12.2015 er stasjonane utleigd til SFE Produksjon AS.

I 2008 etablerte Gloppen kommune selskapet Gloppen Energi AS med formål å samle kommunen sine kraftverdiar i dette selskapet. Selskapet er 100 % eigd av kommunen. I samband med oppretting av selskapet vart kommunen sine aksjar i SFE overført til dette selskapet. Det er seinare gjennomført ei mindre endring av bytteforholdet mellom aksjonærane i SFE og derfor har Gloppen kommune ein mindre aksjepost i SFE som ikkje er overført til Gloppen Energi AS.

På bakgrunn av SFE sine vedtekter og aksjonæravtale mellom eigarane om forkjøpsrett ved overdraging av SFE-aksjar, vart det i 2007 sendt brev til alle aksjonærane om samtykke til at Gloppen kommune kunne overføre sine aksjar i SFE til eit heileigd dotterselskap utan at det vert utløyst eventuell forkjøpsrett. Vi viser i den samanheng til brev av 27. juni og 15. august 2007 frå adv. selskapet Simonsen. Alle aksjonærane i SFE har skriftleg stadfesta at dei godkjenner at aksjane vart overført utan at forkjøpsretten vart utløyst.

---

Gloppen kommune har saman med styret i Gloppen Energi AS i 2015 vurdert den framtidige organisering av kommunen sine kraftverdiar. Det er foreslått ein modell med at kommunen sine kraftanlegg vert overført til Gloppen Energi AS og at SFE-aksjane som ligg i Gloppen Energi AS vert tilbakeført til kommunen. SFE vil få ein medeigarskap på 30 % i Gloppen Energi AS gjennom ein retta emisjon. På bakgrunn av forslaget om medeigarskap frå SFE i Gloppen Energi AS må derfor SFE-aksjane tilbakeførast til kommunen.

Forslaget er handsama i Gloppen kommunestyre 31.08.2015, etter tilråding frå styret i Gloppen Energi, og med vedtak om tilslutning til modellen under føresetnad av at aksjane i SFE kan tilbakeførast til Gloppen kommune utan at overdraginga utløyser forkjøpsrett. Det er også i emisjonsavtalen mellom Gloppen kommune/Gloppen Energi AS og SFE Produksjon AS sett som vilkår for avtalen at overdraging av aksjar ikkje utløyser forkjøpsrett eller at slik eventuell forkjøpsrett vert fråfalle av dei andre aksjonærar i SFE.

Til orientering har både styret i SFE Produksjon AS og konsernstyret i SFE gitt tilslutning til at SFE går inn som medeigar med 30 % i selskapet Gloppen Energi AS og med dei føresetnader som er angitt ovanfor.

**Vi ber om samtykke frå SFE-aksjonæranne til at Gloppen Energi AS sine aksjar i SFE kan tilbakeførast til Gloppen kommune utan at det utløyser forkjøpsrett, eventuelt at ein fråskriv seg denne retten.**

**Av omsyn til den vidare prosessen ber vi om skifteleg tilbakemelding snarast råd og innan 15. oktober 2015.**

Send tilbakemeldinga til:  
Gloppen kommune  
Grandavegen 9  
6823 Sandane

Ved bruk av e-post, til [post@gloppen.kommune.no](mailto:post@gloppen.kommune.no)

Med helsing

Ingolf Aagård  
styreleiar i Gloppen Energi AS

Jan Kåre Fure  
rådmann  
tlf. 476 21 981

Adresseliste:  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
BKK  
Askvoll kommune  
Flora kommune  
Selje kommune  
Eid kommune  
Naustdal kommune  
Bremanger kommune

*Dette er eit elektronisk brev som blir sendt utan signatur.*